



Oppslagstavla må ryddast og oppdaterast. Skiltet som ligg bak bør fjernast.

Informasjonstavla ved Gamleskulen må oppdaterast. Tavla er delt i tre med felt for allmenne kunnngjerigar (plakatar), turistinformasjon og monter for dei som kjøpt plass. Det er særleg i midtfeltet det treng ryddast. Eldre og mest uleseleg informasjon må fjernast og bytast ut med ny og oppdatert.

Det var Uskedal utvikling som i si tid tok initiativet for å få laga informasjonstavla. Ove Stokka utforma og bygde tavla.

Dei med kjøpt plass i midtfeltet har nøkkel til sitt skåp og kan når ein ynskjer det gjera endringar. I dette feltet finn vi mellom anna Bygdetunet Rød, Eleveigarlaget, Dønhaug Gjestegard, Øyro Marina, Rabben Feriesenter og Uskedal utvikling.

Det er fint om dette vert gjort straks og innan ei veke.

Tekst: Kristian Bringedal
Foto/nett: Thor Inge Døssland